

Riving av industriminne i gang

16.03.2010



Rivinga av eit spesielt industriminne i Uskedalen er no igang. Dette biletet vart teke på morgonkvisten i dag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No er rivinga av eit industriminne i Uskedalen i gang - det som var Record sildoljefabrikk i Beinavikjo.

Familien Sunde slår fast at dette i dag er eit skjemmande hus midt i strandlinja og tek konsekvensen av det utan at at dei førebels har bestemt kva den 60 meter lange tomta skal nyttast til. Men reguleringsføremålet er både bustader og fritidsbustader.

Det var brørne Sigurd og Hugo Arnesen som starta kvar sin sildoljefabrikk i Beinavikjo.

Sigurd bygde 'Uskedalen Sildolje- og Fodermelfabrikk' i 1908 og Hugo starta 'Sildoljefabrikken Record' i 1910.

Kvar fabrikk hadde normalt rundt 10 i arbeid og dei produserte sildemjøl og sildolje (tran) av sild og mussa og avfall frå hermetikkfabrikkane.

Fabrikken til Sigurd heldt det gåande til i 1940. Han rasa på sjøen på grunn av overlossing av sild, opplyser lokalhistorikar Ivar Vaage i boka si. Men Sigurd dreiv tydelegvis godt. Etter 8 år utvida han til langt større kapasitet og kunne ha opptil 40 i arbeid i sesongane.

Fabrikken til Hugo og Ivar Arnesen heldt det gåande til 1942 og det var ikkje minst jamm drift i Record under første verdskrig og på 1930-talet. Hugo selde til slutt bygningane som lager til hermetikkfabrikken like ved. Bergen Preserving brukte han etter fjerning av maskinane.

(Foto: Ola Matti Mathisen)